



Hardanger, 24. november 23

Landbruksdirektoratet

Skolegata 22

7713 Steinkjer

Ref:23/59940

Høyring - forskrift om fastsettelse av minstekvantum av epleråstoff til bearbeidingsindustrien.

Hovudformålet med denne konservesordninga er å leggje til rette for at primærprodusentar kan avsette innanlands produserte råvarer til bearbeidingsindustrien. I denne samanhengen spelar Frukthagen Hardanger ei viktig rolle som ein samarbeidspartnar som bidreg til å oppnå dette målet. Me støttar derfor forslaget til forskrift som framgår i høyringsnotatet.

Frukthagen Hardanger ønskjer likevel ytterlegare avklaringar omkring visse aspekt ved forskrifta. Me ønskjer å få avklart kven i forskrifta som ikkje skal ha avsetningsgaranti.

Frukthagen Hardanger ønskjer og å få avklart kven som skal gje grunnlaget for fastsettelse av minstekvantumet, skal det vere primærprodusentane av eple, skal det vere saftprodusentane (presseri/industri) eller skal det vere produsentar av eplekonsentrat eller ein god kombinasjon av desse aktørane.

Vidare gjentek me vårt høyringsforslag frå i fjor, der vi oppmodar alle partar involverte i ordninga til å ta ansvar for å oppretthalde ein berekraftig og levedyktig næring. Det er essensielt at kvar aktør bidreg til å fremje ein balansert og rettferdig marknad for både produsentar og forbrukarar.

Med venleg helsing

Frukthagen Hardanger

Ivar Igland Bleie